

## Resolusjon 8: Grunnrenteskatt på oppdrett er framtidsretta

Innsendt av Kvam MDG

“Ein grunnrenteskatt på oppdrett i Noreg etter malen frå kraftbransjen vil tilføre staten og fellesskapet ca 7 milliardar kr per år.

Havbruksskatteutvalet sett ned av regjeringa tilrådde ein grunnrenteskatt på 40%. MDG ser at oppdrettsindustrien har tent enorme pengar dei siste tiåra. Stigande prisar kombinert med svak krone, har generert store formuer langs kysten. Det er no på høg tid å krevja meir attende til fellesskapet!

Oppdrettsindustrien brukar ressursar som er fellesskapet sine. I dag er 97 % av alle konsesjonar gitt gratis eller selde under marknadspris. Først i dei seinare åra har staten tatt betaling for nye konsesjonar anten i form av fastpris eller ved ein auksjon. Konsesjonane er alle utan tidshorisont og opne for vidare sal.

Eigarstrukturen i næringa har endra seg. Frå å vere ein attåttnæring med rot i landbruket på 70- og 80 talet, er det i dag ein næring med langt færre aktørar og stadig meir internasjonal kapital.

Lakseoppdrettarane tredobla utbyttet sitt i 2016 frå 2 til 6 milliardar kroner og i både 2017 og 2018 var det vanlig med overskott på 30-40% i bransjen.

Oppdrettsindustrien har gjort store pengar på fellesressursane. I Hardanger og Hordaland har oppdrett sett sitt preg på fjordlandskapet og økologisk sett har næringa bidrege til ein svært negativ utvikling. Massivt kjemikaliebruk, ureining, lakselus og genetisk innblanding med villfisk er stikkord for ein næring som historisk hevdar si uskyld.

MDG vil at oppdrettsindustrien leverer meir av overskottet tilbake til folket og kommunane. Grunnrenteskatt har fungert for kraftbransjen og oljenæringa som begge representerer store profitørar. Konsesjonane bør i framtida tildelast gjennom auksjonar som i lag med grunnrenteskatt vil sikrar nye inntekter til kommunane og regionane. Lukka oppdrettsanlegg uten utslipp bør få redusert grunnrenteskatt.

Havbruksfondet bør styrkast. I dag er fondet meir som ein bank som årleg betalar ut alt som er på konto. Meir kapital bør bindast i havbruksfondet slik at fondet over tid byggjar opp ein betydelig kapital. MDG ynskjer at fondet skal bidra til å redusera det økologiske underskottet næringa representerer i dag. Forsking, re-etablering av natur og fiskeartar som er under sterkt press, bør vere satsingsområde for det framtidige havbruksfondet. Samtidig vil MDG sikre ordningar som gjer at

skattlegginga av oppdrettsnæringa i betydelig grad kjem kommunene kor havbruka er lokalisert til gode.